

Sak 07-15 ÅRSBUDSJETT 2016 OG ØKONOMIPLAN 2016 – 2019

Saksopplysning

I tillegg til årleg driftsbudsjett for Regionrådet skal det utarbeidast økonomiplan/handlingsprogram. Bakgrunn for økonomiplan/handlingsprogram er:

- Strategisk plan for Hallingdal 2013 – 2016
- Årsbudsjett for 2015 og økonomiplan og handlingsprogram for 2015 – 2018, Hallingtinget sak 12/14.

Driftsbudsjettet for 2016

Driftsbudsjettet for 2016 tek utgangspunkt i rekneskapet for 2014, budsjett for 2015 og dei erfaringar ein har med drift av regionrådskontoret.

Totalt er det for 2016 lagt inn ein eigeninnsats på kr. 630.000, som vil bli refundert frå prosjekt. Tilskot frå kommunane er budsjettert med kr. 1.790.000, som er ei auke på kr. 50.000 frå 2015.

Det er kommunane som i stor grad må dekkje drifta av regionrådet.

Vedlegg 1 syner forslag til driftsbudsjett for 2016.

Vedlegg 2 syner forslag til kostnadsdeling mellom kommunane for 2016.

Post 25699850 Disposisjonsfond

Disposisjonsfond var 31.12.2014 på kr. 737 256,44. Her er det nytta kr. 240.000 til boka "Historia om Hallingdal". Inntekter frå sal av boka skal attendeførast til disposisjonsfondet.

I sak 12/14 rådde Hallingtinget til at Regionrådet sitt disposisjonsfondet minimum skal vera kr. 1.000.000 ved starten av året:

3. *Hallingtinget vedtek forslag til økonomiplan 2015 – 2018. Innanfor fastsatt økonomisk ramme, får Regionrådet for Hallingdal fullmakt til å vedta handlingsprogram til Strategisk plan for Hallingdal for 2015.*
4. *Hallingtinget rår til at Regionrådet sitt disposisjonsfond minimum skal vera kr.1.000.000 ved starten av året.*
5. *Hallingtinget rår til at Regionrådet kan nytte inntil kr. 500.000 pr. år av disposisjonsfondet, til aktuelle tiltak som ikkje er budsjettert. Løyvingar må takast opp ved den årlege budsjetthandsaminga.*
6. *Hallingtinget rår til at det frå disposisjonsfondet kan det nyttast kr. 500.000 til interkommunale tiltak, der det ikkje er sett av midlar, men der kommunane er positive til deltaking. Føresetnaden er positive vedtak i den einskilde kommune.*

Strategisk plan for Hallingdal

Strategisk plan for Hallingdal er den overordna planen for arbeidet til Regionrådet. Det må likevel vera rom for å kunne støtte tiltak som kjem opp undervegs sjølv om det ikkje er ein del av denne. Når det gjeld gjennomføring av tiltak i Strategisk plan for Hallingdal og finansiering av desse skjer dette m.a. via avsette midlar frå det regionale næringsfondet, partnerskapsavtala med Buskerud fylkeskommune og tilskot frå kommunane.

Utviklingsmidlar frå Buskerud fylkeskommune (partnerskapsavtale) er for 2015 på kr. 2.470.000. Her er det viktig å vera merksam på at dette er midlar som også kan søkjast på, slik at det kan vera feil å foreta eit forslag til disponering av heile potten.

I tillegg står det midlar i det regionalt næringsfond på kr. 9.007.666 pr. 20.1.2015

Etter avtale med Buskerud fylkeskommune skal desse midlane vera nytta innan utgangen av 2019.

Det blir og arbeid kontinuerleg via heile verkemiddelapparatet, for å styrke finansieringa av prioriterte tiltak. Som døme i 2015:

- Byregionprogrammet
- Breibandutbygging
- Program «Verdiskaping og næringsutvikling i fjellområdene»

Strategisk plan for Hallingdal vil kunne ha tiltak som blir gjennomført av Regionrådet eller Rådmannsutvalet, og det er tiltak som det kan vera naturleg at Regionrådet og Rådmannsutvalet samarbeida om. I tillegg kan det vera tiltak som eksterne har ansvaret for.

Samandrag økonomiplan 2016 – 2019 (2015-kroner)

TILTAK	2016	2017	2018	2019
Driftsbudsjett	2.680.000	2.680.000	2.680.000	2.680.000
Disposisjonsfond	-	-	-	-
Tiltak Strategisk plan (eksternt og internt)	5.070.000	5.015.000	5.015.000	5.015.000
SUM	7.750.000	7.695.000	7.695.000	7.695.000

Finansiering

TILTAK	2016	2017	2018	2019
Kommunane, driftsbudsjett	1.790.000	1.790.000	1.790.000	1.790.000
Eigeninnsats	630.000	600.000	600.000	600.000
Renter	260.000	235.000	235.000	235.000
Kommunane, disposisjonsfond	-	-	-	-
Kommunane, tiltak Strategisk plan	800.000	800.000	800.000	800.000
Fylkeskommunen, tiltak Strategisk plan	2.470.000	2.470.000	2.470.000	2.470.000
Regionalt næringsfond	1.800.000	1.800.000	1.800.000	1.800.000
SUM	7.750.000	7.695.000	7.695.000	7.695.000

Regionrådet for Hallingdal handsama budsjett i sak 49/15.

Innstilling frå Regionrådet:

Regionrådet for Hallingdal rår til at Hallingtinget gjer slikt vedtak:

1. Hallingtinget gjer framlegg om at kommunane vedtek forslag til driftsbudsjettet for 2016, med ei kommunal finansiering på kr. 1.790.000.
2. Til gjennomføring av tiltak i Strategisk plan for Hallingdal, rår Hallingtinget at det blir løyvd kr. 800.000 for 2015, frå kommunane i Hallingdal.
3. Hallingtinget vedtek forslag til økonomiplan 2016 – 2019. Innanfor fastsatt økonomisk ramme, får Regionrådet for Hallingdal fullmakt til å vedta handlingsprogram til Strategisk plan for Hallingdal for 2016.
4. Hallingtinget rår til at Regionrådet sitt disposisjonsfond minimum skal vera kr.1.000.000 ved starten av året.
5. Hallingtinget rår til at Regionrådet kan nytte inntil kr. 500.000 pr. år av disposisjonsfondet, til aktuelle tiltak som ikkje er budsjettert. Løyvingar må takast opp ved den årlege budsjetthandsaminga.
6. Hallingtinget rår til at det frå disposisjonsfondet kan det nyttast kr. 500.000 til interkommunale tiltak, der det ikkje er sett av midlar, men der kommunane er positive til deltaking. Føresetnaden er positive vedtak i den einskilde kommune.

Forslag til vedtak

Regionrådet for Hallingdal rår til at Hallingtinget gjer slikt vedtak:

1. Hallingtinget gjer framlegg om at kommunane vedtek forslag til driftsbudsjettet for 2016, med ei kommunal finansiering på kr. 1.790.000.
2. Til gjennomføring av tiltak i Strategisk plan for Hallingdal, rår Hallingtinget at det blir løyvd kr. 800.000 for 2015, frå kommunane i Hallingdal.
3. Hallingtinget vedtek forslag til økonomiplan 2016 – 2019. Innanfor fastsatt økonomisk ramme, får Regionrådet for Hallingdal fullmakt til å vedta handlingsprogram til Strategisk plan for Hallingdal for 2016.
4. Hallingtinget rår til at Regionrådet sitt disposisjonsfond minimum skal vera kr.1.000.000 ved starten av året.
5. Hallingtinget rår til at Regionrådet kan nytte inntil kr. 500.000 pr. år av disposisjonsfondet, til aktuelle tiltak som ikkje er budsjettert. Løyvingar må takast opp ved den årlege budsjetthandsaminga.
6. Hallingtinget rår til at det frå disposisjonsfondet kan det nyttast kr. 500.000 til interkommunale tiltak, der det ikkje er sett av midlar, men der kommunane er positive til deltaking. Førsetnaden er positive vedtak i den einskilde kommune.

Ål 19.10.2015

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar

Vedlegg 1: Forslag til driftsbudsjett for 2016.

Vedlegg 2: Forslag til kostnadsdeling, mellom kommunane for 2016.

REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL, DRIFTSBUDSJETT FOR 2016

KONTO TEKST		BUDSJETT	BUDSJETT REKNESKAP	
		FOR 2016	FOR 2015	FOR 2014
ADMINISTRASJON				
10100	Løn	1 425 000	1 380 000	1 263 544
10990	Arbeidsgjevaravgift	152 000	147 000	161 763
10900	Pensjon	260 000	180 000	256 613
11900	Husleige	80 000	80 000	80 375
11301	Telefon	15 000	23 000	11 502
11300	Porto	3 000	4 000	3 299
11000	Kontorrekvisita, tidskrift, faglitt.	15 000	20 000	31 371
12000	Inventar og utstyr	10 000	15 000	52 515
11501	Reiseutgifter, adm.	80 000	80 000	86 978
11151	Møteutgifter	15 000	10 000	25 401
11500	Kurs, konferansar	10 000	10 000	0
11402	Brevark, konvoluttar, logo	5 000	10 000	32 450
11950	Kontingent (Fjellregionsamarbeidet)	65 000	65 000	
11951	Lisensavgifter	50 000	55 000	46 690
11209	Ymse utgifter administrasjon	15 000	20 000	13 328
13750	Rekneskapsføring/revisjon, konsulent	45 000	38 000	48 050
SUM ADMINISTRASJONSKOSTNADER		2 245 000	2 137 000	2 113 879
POLITISK DEL				
10800	Godtgjersle leiar	45 000	45 000	38 700
10801	Møtegodtgjersle	30 000	33 000	18 400
10990	Arbeidsgjevaravgift	9 000	9 000	7 833
11151	Bevertning	90 000	80 000	91 234
11501	Reiseutgifter	50 000	80 000	46 329
11209	Ymse utgifter Regionrådet	30 000	30 000	10 512
12700	Konsulenttjenester og juridisk bistand	15 000	5 000	30 530
14700	Tilskot "Dølaminne"	6 000	6 000	6 000
11500	Regionrådskonferanse	0	0	0
	Drift Hallingdal Ungdomsråd	160 000	160 000	0
SUM UTGIFTER REGIONRÅDET		435 000	448 000	249 537
TOTALE KOSTNADER		2 680 000	2 585 000	2 363 416
INNTEKTER				
17500	Frå kommunane etter fordeling, drift	1 790 000	1 740 000	1 451 380
3999	Eigeninnsats prosjekt, refundert	630 000	485 000	583 000
19000	Renter av bankinnskott	260 000	360 000	310 923
19400	Bruk av disposisjonsfond	0	0	18 113
SUM INNTEKTER		2 680 000	2 585 000	2 363 416

REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

FORDELING AV KOSTNADER 2016

FORDELING AV KOSTNADER TIL DRIFT:

30 % etter deltakrarar i regionrådet

70 % etter folketal (berekna 1.7.2015)

BUDSJETT 1 790 000

FORDELING KOSTNADER STRATEGISK PLAN

Fordeling er gjort etter folketal 1.7.2014

BUDSJETT 800 000

DISPOSISJONSFOND

Fordeling er gjort etter folketal 1.7.2014

BUDSJETT 0

KOSTNAD PR. KOMMUNE:

KOMMUNE	INN.	1.1-30.6	1.7-31.12	DRIFT	STR.PLAN	DISP.FOND	TOT SUM
Flå	1065	77 041	77 041	154 081	41 233	0	195 314
Nes	3440	149 050	149 050	298 101	133 185	0	431 286
Gol	4582	183 676	183 676	367 352	177 399	0	544 751
Hemsedal	2372	116 669	116 669	233 338	91 836	0	325 173
Ål	4723	187 951	187 951	375 902	182 858	0	558 760
Hol	4481	180 613	180 613	361 227	173 489	0	534 716
SUM	20663	895 000	895 000	1 790 000	800 000	0	2 590 000

Ål 10.10.2015

 Knut Arne Gurigard
 Dagleg leiar